

Barnehageplass i Osterøy - rettleiing

I Osterøy kommune søker ein barnehageplass elektronisk.

Ein sender ein søknad for kvart barn. Bekrefting på registrert søknad får du på e-post.

Kommunen legg til rette for eit samordna opptak for å sikre likebehandling av barn - og likebehandling av kommunale og private barnehager. Føresette kan ta kontakt med den enkelte barnehage eller Servicekontor på rådhuset for hjelp.

Søklarar som skal flytta til Osterøy.

Du kan få barnehageplass i Osterøy dersom du i søknaden har oppgitt kva bustadadresse du skal ha i kommunen ved oppstart i barnehagen. Adresse på Osterøy må fylgja med søknaden. Flytting må og vera meldt til Folkeregisteret.

Venteliste

Plassering på venteliste til barnehagen du søker:

- Antall søklarar til den aktuelle barnehagen
- Antall søklarar med prioritet

Søknadar utgår frå venteliste

- når ein ikke svarer på tilbod om plass i rett tid
- når ein sjølv fjerner søknaden
- når ein ved tilbod om barnehageplass ikkje kryssar av for at ein vil stå vidare på venteliste

Vedlegg

Ved prioritet til barnehageplass skal eventuell dokumentasjonen sendast til:

Osterøy kommune
Oppvekst, undervisning og kultur
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Søknadsfrist 1.mars.

Osterøy kommune har lagt til rette for ei ordning med overflytting/ending av barnehage, hovudopptak og suppleringsopptak. Kommunale og private barnehagar følgjer desse ordningane.

- **Overflytting til annan barnehage** skjer i forkant av hovudopptak. Dette opptaket gjeld barn som allereie har barnehageplass, og som er søkjar til andre barnehagar. Søknaden vert handsama i den barnehagen som er deira første val. Eventuelt tilbod om plass gjeld frå august.
- **Hovudopptak** gjeld barn som har rett til ein barnehageplass og som ikkje har eit barnehagetilbod. Tilbod om plass gjeld frå august. Søknadsfrist 1. mars.
- **Suppleringsopptak** skjer gjennom heile året når det er ledige plassar. Suppleringsopptak gjeld barn med og utan barnehageplass.

Sakshandsaming

Når ein søker barnehageplass og får bekrefting via e-post om at søknaden er godkjent, står barnet på venteliste til dei valgte barnehagane.

Ved hovudopptak vert tilbod om plass sendt ut i perioden april til juni; det vil seia at det kan ta noko tid før ein får svar.

Svar på tilbod om plass i barnehage

- Får ein tilbod om plass i barnehage med prioritet 1, og takker ja eller nei, vert søknaden fjerna frå venteliste.
- Får ein tilbod om plass i barnehage med prioritet 2 eller 3 og takker ja eller nei til tilbodet og kryssar av for å stå på venteliste, vil søknaden stå på venteliste. Krysser ein ikkje av for å stå på venteliste, vert søknaden fjerna frå venteliste.
- Får ein tilbod frå ein barnehage ein ikkje har søkt, står ein fritt til å takke ja eller nei, ønskjer ein å stå på venteliste, må ein krysse av for det.

Svarar ein ikkje på tilbod, vert søknaden fjerna frå venteliste, og ein mister tilbod om plass. Dette gjeld uavhengig av om ein mottek tilbod frå barnehage nummer 1, 2, 3 eller ein barnehage ein ikkje har søkt.

Oppdatering av søknad til annan barnehage enn der ein har plass.

Dersom du har fått barnehageplass, og framleis står på venteliste til andre barnehagar, må du gje melding om du framleis ønskjer å stå på venteliste til gjeldande barnehagar.

Med unntak av hovudopptak skjer sakshandsaming fortløpande når barnehagen har ledige plassar.

Klage

Du har rett til å klage ved hovudopptak dersom du meiner det har gått føre seg feil sakshandsaming. Døme kan vere:

- Barnehagen har ikkje fulgt inntakskriteriene sine
- Venteliste er ikkje fulgt.

Klagen sender ein til:

Osterøy kommune
Oppvekst, undervisning og kultur.
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Dette gjeld både private og kommunale barnehagar.

Når hovedopptaket er ferdig, skal alle med lovfesta rett ha fått tildelt ein barnehageplass.

Oppvekst,undervisning og kultur
1.januar 2016.